

Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtedato: 26. november 2008

Stad: møterom 222 i andre høgda av HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Pernille Myrvold, Lene Johannessen, Margery Vibe Skagen, Margareth Hagen, Benedicte M. Irgens, Lillian Helle, Ana Beatriz Chiquito, Beatrice Sandberg.

Frå gruppe B: Maria Kari Soriano Salkjelsvik.

Frå gruppe C: Kristin T. Skogedal og Julie T. Watkins

Frå gruppe D: Siri Vevle og Ingeborg Fredriksen

Dersom nokon av representantane over ikkje kan møta, må dei sjølv be vararepresentanten om å stilla i staden.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 8. oktober 2008

Referatet ligg på www.framandsprak.uib.no, under "informasjon for tilsette" og "saksdokument".

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Nye representantar i rådet frå gruppe B, C og D.
- B. Nytt valstyre ved instituttet.
- C. Statistikk over utreisande studentar på bachelor (sjå sak 7A frå rådsmøtet 10.9.2008), orientering ved Siri Fredrikson.
- D. Prosjektet *Språk og realfag i skulen*, orientering ved Eva Thue Vold.

Sak 4 – Nye retningslinjer for tilsetjingssaker

Fakultetet har sendt ut på høyring nye rettleiande retningslinjer for sakkunnig vurdering, intervju og prøveforelesing før tilsetjing i vitskaplege stillingar. Følgjande sakspapir vart sende til heile instituttet med e-post 31. oktober i år:

Følgjebrev: <http://vedlegg.uib.no/?id=381e28584576a8567d76571c2d223218>

Retningslinjer: <http://vedlegg.uib.no/?id=b05fc564dd08ff0927226c2155b2790a>

Rettleiing: <http://vedlegg.uib.no/?id=ff469a25ee09c6c441d1271910950267>

Leiar av instituttrådet ettersender kommentarar og synspunkt til utkastet frå fakultetet.

Det er sett frist til 24.11 for enkeltmedarbeidarar til å senda kommentarar og synspunkt til styrar. I tillegg drøftar instituttrådet dei nye retningslinene 26.11, før instituttleiar formar ut endeleg fråsegn og sender over til fakultetet 27.11 (utsett frist).

Sak 5 – Styringsmodell på institutt- og fakultetsnivå

Instituttrådet drøfta 8. oktober i år styrings- og leiingsformer på sentralnivået ved fakultetet (sjå sak 5, innkalling med sakspapir og referat ligg på www.framandsprak.uib.no under ”informasjon for tilsette”, ”saksdokument”).

Instituttet skal òg uttala seg om styrings- og leiingsformer på institutt- og fakultetsnivå. Også i denne saka skal instituttleiar uttala seg på vegner av instituttet, men referatet frå drøftinga i instituttrådet vil bli lagt ved uavkorta når saka blir sendt over til fakultetet. Instituttleiar og administrasjonssjef deltek ikkje i drøftinga av denne saka i instituttrådet.

Spørsmål som bør drøftast for instituttnivået, er t.d.:

- Korleis fungerer ordninga med tilsett styrar?
- Korleis vurderer ein omlegginga frå instituttstyre til instituttråd?
- I kva grad gjev den noverande styringsmodellen rom for deltaking og medverknad?
- Korleis blir faga ivaretekne i den nye modellen?

Spørsmål som bør drøftast for fakultetsnivået, er t.d.:

- Bør fakultetet ha tilsett eller valt dekanus?
- Korleis fungerer den noverande ordninga for fakultetsstyret?

Spørsmål som bør drøftast på tvers av nivåa, er t.d.:

- Korleis fungerer samarbeidet mellom fakultetet og institutta?

Beatrice Sandberg,

leiar av rådet

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef